



Dei yngste (3-5 år) saman med instruktør Gina Hella Myklebust som sit bakerst. "Rekruttane" er Niklas Lakselv, Jostein Soldal, Sander Simensen, Silje Soldal, Ella Hjørnevåg, Anna Elisabeth Eik, Tobias Berge Soldal, Emma Ripel, Joacim Sjo Musland, William Hjørnevåg og Filip Sjo Musland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdagen var den store startdagen for haustsesongen til trimgruppa. Frammøtet i Aktivitetshuset var noko varierende frå gruppe til gruppe. Truleg hadde det noko med både informasjonen og det fine veret å gjera at berre seks møtte fram til seniortrimmen som Gunvor Myklebust skal leia også denne sesongen. Her er eit "normaltal" rundt 15.



Idrettsskolen fekk ein lovande start med 22 deltakarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men det er ingen grunn til å klage over frammøtet korkje til barnetrimmen (12 stilte opp), idrettsskulen (22 var på plass) eller aerobic (som samla 10). Nedsummert var det 50 som starta trimsesongen innandørs denne kvelden og det aukar nok på utover hausten. Ei gruppe har enno ikkje starta og det er gymstick-gruppa, som kjem i gang 11. september.

Ikkje minst idrettsskulen er lovande, det vart bekrefta gjennom frammøtet på startdagen. Her skal ei heil rad med instruktørar i aksjon. På opningskvelden var Haldis Åkra og Eli Eiane Klyve instruktørar og neste onsdag er det Helene Huse Bjørnebøle sin tur til å leia hallaktivitetar.

Onsdag 17. september står orientering leia av Catrine Haugland på programmet medan ho skal leia friidrett onsdag etter og hallaktivitetar onsdag 1. oktober.

Etter haustferien er det planlagt klatring, ballspel og innøving av program til juleavslutninga, opplyser turngruppeleiar Hege Lekva.

Av Ola Matti Mathisen



Aerobic-gjengen i startfasen onsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)